

Bygdeblad

Nr 6-2010

Bygdesentralen /Frivillighetsentralen



Tlf. 35024868 mob 48237791
bygdesentralen@hjartdalsbygda.no
www.hjartdalsbygda.no



Bilde: Ingvill Buen Garnås

Innhald:

Fotpleie

Tubfrim

Misjonshuset

Bygdeblad

Slåttefestival

Møtekalender

Kulturlandskaps.

Bibliotek

Kurs

Hjartdal IL.

Verdensdagen

Avløyssarlag

***Ynskjer dykk alle
ein fin haust!***

Hjartdal idrettslag inviterar til fjelltur for barn og vaksne

**Søndag 19 sept. til Ishovden, oppmøte ved Skjessdammen,
skk hytta kl. 11,00. Ta med grillpølser, mat og drikke, og egna sko.
HIL. Planlegger en tur i sesongen(4 turar i året) Premie til de som
er med på alle! Dette er den første.**

Fotpleie!

Laurdag 16. oktober

vert det fotpleie på

Bygdesentralen.

Ledige timar. Tlf. 35024868

**De som hadde time den 14. august blir sett opp på samme time den
16. oktober. Sei ifrå om det ikkje passar.**

Informasjon til Bygdebladet!

Informasjon til bygdebladet om møte, referat, gratulasjonar,
aktivitetar, invitasjonar m.m. bør kome til sentralen ca 20. i kvar må-
nad. Har de ikkje mail, skriv det på eit ark og legg det i postkassa på
sentralen. Sender du det på mail, er adressa :

bygdesentralen@hjartdalsbygda.no

Viktig med informasjon til bygdefolket!

MISJONSHUSET

Tysd. 07. sept kl.19.30: Møte

Tysd. 21. sept. kl 19.00-22.00: Kurskveld 6

v/regionsleiar Tor Bringaker

Fred. 08. okt. kl.18.00: Basar

andakt: Siri H. Seltveit (vår nye diakon)

Normisjonens venner

Månd. 06. sept. kl 19.30 møte hos Bjørg Aamaas



Avløysarlaget!

Fjøstavle. Har fjøstavler dere kan hente på kontoret mitt. Disse innholder viktig info for sikkerhet på gården.

Påminnelse: Timelister må være på kontoret innen den 5. i hver måned, for utbetaling er 10. i samme måned.

Mvh

Synnøve Skogen Haaberg

Dagleg leiar, Telemark avløysarlag

Slåttekonkurransen Slåttefestivalen 2010

På Slåttefestivalen i år var det ca 60 deltakarar totalt.

Dette fordelar seg med 23 deltakarar på stutturv og 36 deltakarar på langorv. Når det gjeld antal deltakarar er dette ein liten nedgang frå tidlegare år.

NM klassa hadde på langorv 22 deltakarar medan det var 14 som slo i NM klassa på stutturv.

Av dei 60 deltakarane var det 12 frå Hjartdal.

Det vart heimesiger i to av dei opne klassene:

Olaug Åbø vann open klasse stutturv kvinner (senior) og

Jon Bekkhus vann open klasse stutturv menn (veteran). GRATULERE!

Slåttefestivalen sender med dette ei oppmoding til alle kvinner og menn i Hjartdal :

Meld deg på slåttekonkurransen i 2011!! ☺

Noregsmeister i ljàslått 2010

NM meister kvinner Stutturv: **Aslaug Haugo Tveito - Høydalsmo**

NM meister menn Stutturv: **Knut Molla – Sauda**

NM meister kvinner Langorv: **Aslaug Haugo Tveito – Høydalsmo**

NM meister menn Langorv: **Ola Sigurd Skreå – Tonstad**

Gratulere til Noregsmeistrane og spesielt til den doble meisteren Aslaug Haugo Tveito.

Takk til alle dommarar, sekretariat, rakstefolk, tidtakarar og ikkje minst den dugnadsgjengen som steller i stand og ryddar. Årets slåttekonkurranse gjekk knirkefritt reint teknisk, så er det dette med deltakarar neste.

Sven Tore Løkslid, Slåttegeneral

T skjorter å få kjøpt på bygdesentralen for kr. 100,00

Møtekalender

02/09	Opning av biblioteket	kl. 16 til 19,00	
05/09	Hjartdalscup i fotball		
05/09	Idettsmerkeprøve, Bergtun	kl. 19,00	
05/09, 3/10,7/11,5/12	Dans, Bergtun	kl. 19,30	sjå annonse
06/09	Møte, Bjørg Aamaas	kl. 19,30	
07/09	Møte, Misjonshuset	kl. 19,30	
7/9, 5/10, 2/11,7/12	Møte, Pensjonistlaget	kl. 12,00	Betel
08/09	Idrettsmerkeprøve, Bergun	kl. 19,00	
15/09	Sirkeltrening, Gvammen skule	kl. 19,30	
21/09	Møte, Misjonshuset, kurs	kl. 19,00 til 22,00	
24/9,21/10,12/11,20/12	Den blå time	kl. 10,30	sjå annonse
08/10	Basar, Misjonshuset	kl. 18,00	
10/10	Verdensdagen for psykisk helse på Bergtun		
16/10	Fotpleie på bygdesentralen		

Aktuelle oppdrag og aktiviteter:

- ⊗ **Handlingsplan for slåtteeenger**, koordinator for Telemark med fokus på Hjartdal-Svartdal, plass i nasjonal ressursgruppe, utvikling av **nettsider** m.m., i samarbeid med DN og Bioforsk, lokalt arbeid også støtta av kommunane.
- ⊗ Arbeid for å få Hjartdal-Svartdal med som ”Utvald kulturlandskap”, m.a. gjennom oppdatering av tidlegare registreringar på midlar frå Fellesfondet.
- ⊗ Skilting og **infotavle** om kulturlandskap i Hjartdal og Bondal, planar for rydding og tilrettelegging av **stiar**, fotografering (Angelica) m.m
- ⊗ Samarbeid med Nordisk Kulturlandskapsforbund om årsmøte og seminar i Telemark juni 2011.
- ⊗ Samarbeid med Nordisk Kulturlandskapsforbund og Norsk Kulturarv om nettsider.
- ⊗ Koordinering av **Soglandet** for 2010, søknadsarbeid for 2011-2012
- ⊗ Diverse planarbeid på Jomfruland (Karoline) og Nøtterøy-Tjøme (Ragnhild)
- ⊗ Etterkvart ny runde med songar og segn for **bornehagane**
- ⊗ Etterkvart også springar og gangar i grunnskulen

Mvh. *Ingvill Marit Buen Garnås*

www.kulturlandskapsenteret.no

Tlf: 971 87 758

Kontor- og telefontid kl 0900-1600

Alle vekedagar utanom torsdag.

BYGDEDANS PÅ BERGTUN

Springar og gangar, og litt gamaldans innimellom.

Fyrste sundag i mnd. (5/9, 3/10, 7/11, 5/12).

Grunnkurs kl. 19.30-20.30. Dans kl 20.30-21.30,

med individuell rettleiing for dei som ynskjer det.

Instruktør: Ingvill MB Garnås. **GRATIS. Kom!**

Arr.: Ein kime til Hjartdal folkemusikklag?

Med venleg helsing

Kulturlandskapssenteret i Telemark

Ingvill Marit Buen Garnås, dagleg leiar

Tlf. 97187758

Bygdesentralen, 3690 Hjartdal

www.kulturlandskapssenteret.no



Biblioteket!

Biblioteket på sentralen opnar igjen
fyrste torsdag i september.

Ellen ynskjer alle ein fin haust med ei god
bok!



Verdensdagen for psykisk helse!

I år blir verdensdagen arrangera på Bergtun søndag 10. oktober.

Foredragshaldarar: Per Anders Norengen og Ari Løkken

Program i neste bygdeblad!

Nettsida

er også viktig å bruke. Meld frå til Odd Helge viss
du har noko som bør komme på nettsida. Mange
bruker nettet som info-kjelde.



Forslag til kurs for Hjartdal!

Aldringsmåling med Astri Wårås i oktober.

Toving med ull: sitteunderlag, vesker, gryteklutar m.m. i oktober

Maskinstrikking: oktober

Kurs v/Seljord frivilligsentral:

Du er velkommen til å melde deg på.

Kontakt Anne Marie tlf 41478200

Frå hausten av startar me opp med desse kursa dersom nok påmeldingar :

- Spansk nybegynnar
- Spansk for vidarekomande
- Daglegdags engelsk for nybegynnar
- PC kurs for nybegynnar
- PC kurs – oppfriskingskurs/vidarekomande
- Qigong (trim) for nybegynnar
- Qigong for vidarekomande (for dei som har litt erfaring)
- Linedance kurs
- Fotokurs - få meir ut av speilreflekskameraet

Hjartdal pensjonistlag!

Pensjonistlaget byrjar treffa sine etter sommarferien.

Sjå møtekalender.

Servering, div. underholdning, loddsal (ta med gevinst)

Set av tid, møt opp, det er triveleg å vera mange.

Møte 7/9 på Betel: då blir den nye diakonen, Siri Hansen Seltveit med oss.

Møte 5/10 på Betel: Gunhild og Eilev Deilkås blir med oss, dei syner video frå sommar-turen.

Den blå timen på heimen!

Gro Bjornes er ei dame som reiser omkring og held kveldkonsertar. Ho har vore her før og blei godt lika. Det kan vera moro å friske oppatt gode og fine minne.

Så da treffast me der!

Velkomne er me.

Tema på Den blå timen:

Fredag 24/9 (Fra sveivegrammofonens dager)

Torsdag 21/10 (Festlige sanger fra de eldres unge dager)

Fredag 12/11 (Den fyrste song eg høyra fekk)

Mandag 20/12 (O, jul med din glede)



Hjartdal idrettlag 2010!

Augusthilsen fra idrettslaget!

Skole og aktiviteter er i gang. Tirsdag 17. august arrangerte idrettlaget idrettskveld på Bergtun. Der møtte opp mange spreke unger som gjerne ville prøve seg i ballkast, lengde, 60 m og utholdenhet. Også noen ungdommer og voksne lot seg lokke med i lekene. Men idrettlaget ser gjerne at enda flere av større ungdommer og voksne blir med. Husk dere er forbilder, det dere er med på, blir ungene i større grad inspirert av. Og her er det deltagelsen som er viktig! Støttegruppa sørget for servering, og Snøgg jenter 10 år var gjestelag i forball. Og heldig for dem, for de dro hjem med seier.

Alt i alt en fin ettermiddag, men bør H.I.L. velge et annet tidspunkt? Søndag som før? Det blir anledning til å prøve seg på idrettsmerke utover høsten. Datoer er på møtekalenderen.

Kirsti Holm har planer for voksentrening med oppstart ca 8. sept, følg med på plakat i butikken.

Jenter 10 og jenter 12 er i gang med fotball og kamper. Jenter 14 for Sauland var på Norwaycup og kom til 16-dels finalen, og rapportene sier at de hadde en artig uke. 5. sept allerede er det Hjartdalcup i fotball. Vi håper å få med to lag fra Hjartdal. Ta kontakt med Anbjørg Gjerjordet for påmelding og interesse. HIL trenger spillere, alle som har startet i 2. kl. kan være med.

Skigruppa planlegger trening med oppstart i løpet av september, både for dem som vil trene og dem som vil konkurrere. Mulig rulleskitrening i Sauland i september. HIL har rulleski til prøve/ utlån. Ta kontakt med Øyvind Larsen.

Barneidretten starter som regel opp etter høstferien.

Planer kommer.

Det jobbes med hjemmeside for HIL. Halvor Haugan har tatt oppgaven.

Dersom mulig vil HIL tilby en familietur i sept, mulig 19. sept. følg med på plakat i butikken.

HIL kommer i neste utgave med en mer utfyllende aktivitetsliste.

Innspill til styre bes komme til styret så raskt som mulig.

Styret i HIL.

IDRETTSMERKEPRØVER FOR VAKSNE

Det blir idrettsmerkeprøver for vaksne (over 16 år) ved Bergtun:

Krava er tilpassa kjønn og alder.

Sundag 5. september kl 19.00

Onsdag 8. september kl 19.00

Onsdag 15. sept startar Kirsti med sirkeltrening, vaksne/ungdom, på Gvammen skule kl. 19,30

Arr.: Hjartdal idrettslag



Ein sykkelstur er bra!